

Bok på 1-2-3

God dag, vesle gris

Av Janosch

Tverrfagleg undervisningsopplegg for 1.–4. trinn i norsk, KRLE og musikk med tema vennskap.

Tid: 90 minutt


Klassikarar i Bok på 1-2-3: Barnebokskaparen Janosch har gitt oss fantastiske, varme forteljingar med sjarmerande og fargeglade bilete. Desse forteljingane vil vi gjerne gi vidare til nye generasjonar i begynnaropplæringa. Mange barn som høyrer om dei to gode vennene i huset ved elva, vil berre høyre meir og meir.

Den vesle bjørnen og den vesle tigreren er to gode venner som opplever mange eventyr. Og dei er ikkje redde for nokon ting, for saman er dei så sterke. Mange andre venner har dei også, og eit koseleg lite hus ved elva.

Men kva skjer med vennskapet til den vesle bjørnen og den vesle tigreren når den vesle grisen kjem inn i liva deira og freistar med lek utan ansvar og å ete deig rett frå bollen?

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektor.
- Finne fram boka til storskjerm, eller bruke eit fysisk eksemplar. https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2015110608017
- Rom og utstyr til å kunne musisere med eller utan instrument. Lydkjelde. Tekst- og melodiinnlæring. Moglegheit for å kunne røre på seg / danse dersom det er føremålstenleg.



Formål

Norsk

- Beskrive, fortelje og argumentere munnleg og skriftleg og bruke språket på kreative måtar.
- Bruke fagspråk om setningsoppbygging og bøying av verb, substantiv og adjektiv i samtalar om språk og om egne og andre sine tekstar.

KRLE

- Beskrive og samtale om ulike måtar å leve saman på i familie og samfunn.
- Identifisere og reflektere over etiske spørsmål.
- Samtale om kva menneskeverd, respekt og toleranse betyr, og kva det inneber for korleis vi lever saman.

Musikk

- Synge saman med andre ved bruk av gehør og enkel notasjon.
- Samtale om og reflektere over korleis musikk skapar mening når han vert brukt i ulike sosiale samanhengar.

1 Før lesing

(10 minutt)

Filosofisk samtale

- Kva er menneskeverd? *Det er knytt til korleis vi behandlar kvarandre, både person til person og i fellesskapet (konkretiser).*
- Kva betyr respekt? *Det er å vise omsyn (konkretiser).*
- Kva betyr toleranse? *Det er å tole, uthalde, vere skånsam (konkretiser).*
- Undring: Kva inneber desse omgrepa for korleis vi lever saman?

Læraren kan seie: No blir det spennande å lese forteljinga om den gongen den vesle tigeren ikkje kom heim att meir.

2 Lesing

(20 minutt)

Læraren les høgt, og de opplever boka saman. Ta dykk tid til augeblikka, og ver gjerne merksame på kor borna opplever høgdepunkt i lesinga. Teksten og samtalen om boka øver opp refleksjonar, undring og engasjement. Lag dykk ei god stund, og hugs å sitte godt og avslappa.

Vit at alle kan lese nynorsk høgt, og at høgtlesinga er med på å bade elevane dine i nynorsk. Etter LK20 lærer eleven nynorsk hovudmål frå 1. trinnet eller sidemål frå 2. trinnet i opplæringa. Lag tid og rom til å undre seg.

3 Etter lesinga

(30 minutt)

Undring, ord, kjensler og erfaringar (tilpass etter trinn, gruppe og elev):

Læraren fortel: Ansvar og fridom er uløyseleg knytt til kvarandre (konkretiser). Ansvar (moral) vil seie å velje å bidra, velje å handle i staden for å sjå ein annan veg.

Samtale og undring

- Kva er fridom? Mahatma Gandhi (indisk politikar som fremja ikkje-vald i politisk og sosial kamp) seier at fridom er når tanken, hjartet og handlingar er samstemte. Kva trur de dette betyr?
- Kven tek ansvar av bjørnen og den vesle tigeren?
- Kven nyt fridom av bjørnen og den vesle tigeren? Kva trur de tigeren opplever og lærer av relasjonen med bjørnen, og med grisen?
- Kva ansvar og fridom har ein som venn?

4 Aktivitet

(30 minutt)

«Eg treng deg og du treng meg» av Lars Mæhle og Beate S. Lech:
<https://www.tunkatten.no/songbok/deg-og-meg/>

Tilpass til eige klasserom og syng saman med andre ved bruk av gehør og enkel notasjon. I koplinga til Tunkatten si songbok finn du lyd med og utan tekst, og note.

Samtale

Korleis skapar musikk meining i vennskap?

Kjelder:

Andersen, I. S. (2024): Ansvar. Henta frå <https://filosofiiskolen.no/trinn-8-10/ansvar/>

Nilstun, C. (2024): Respekt. Henta frå <https://snl.no/respekt>

Sagdahl, M. S. (2024): Toleranse. Henta frå <https://snl.no/toleranse>